



Arkivnr: 2014/1230-92
Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		02.09.2015

Søknad om tilskot til lokale trafikksikringsarrangement hausten 2015

Samandrag

Det er fastsett i handlingsplanen (2014-2017) at det årleg vert sett av 800.000 kr til tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak (ikkje fysiske tiltak). Tilskotet er meint å vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på tiltaket. Det er eit viktig prinsipp at Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Søknadsfristane i 2015 var sett til 6. mars og 15. august. Våren 2015 vart det tildelt tilskot til 14 ulike arrangement, med ein total tilskotssum på 481.500 kr. Innan fristen 15. august kom det inn 4 søknader, med ein søknadssum på totalt 215.000 kr.

Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) fordeler tilskotsordning hausten 2015 til lokale trafikksikringsarrangement slik;

	Søklar	Søknadssum	Tilskotssum
1.	Ettertankes dag Hordaland	107 000	100 000
2.	Laffen	67 500	67 500
3.	FAU Haukeland skole	25 000	0
4.	Svortland skule	15 000	10 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 17.08.2015

Bakgrunn

Det er fastsett i handlingsplanen (2014-2017) at det årleg vert sett av 800.000 kr til tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak (ikkje fysiske tiltak). Tilskotet er meint å vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på tiltaket. Det er eit viktig prinsipp at Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Søknadsfristane i 2015 var sett til 6. mars og 15. august. Våren 2015 vart det tildelt tilskot til 14 ulike arrangement, med ein total tilskotssum på 481.500 kr. Det kom då inn 16 søknader. Innan fristen 15. august kom det inn 4 søknader, med ein søknadssum på totalt 215.000 kr.

Det har over mange år vore dei same arrangementa som har søkt om tilskot, - noko som er positiv med tanke på lokalt initiativ og interesse, men samstundes er det viktig å ha krav til innhaldet i programmet, og sikre fokus på trafikksikringsdelen. I 2015 er det og kome til fleire nye søknader, og det kan difor synast som om ordninga er meir kjend. Ein oversikt over tildelte tilskotsmidlar gjennom denne ordninga viser følgjande:

2011: 11 søknader
 2012: 16 søknader
 2013: 15 søknader
 2014: 18 søknader
 2015: 20 søknader

Kriteria for tilskotsordninga

- Søknadsfrist to gongar i året. Det må søkjast på eige skjema.
- Utbetalinga skjer i etterkant av at rapporteringsskjema inkl. rekneskap er motteke.
- Arrangement med ei kostnadsrøme på over 30.000 kr har krav om ein eigenandel på minimum 25 %. Personalkostnader/eigeninnsats kan vere ein del av eigenandelen. Eigeninnsatsen (timar) må synleggjerast.
- Rett til å søkje: Kommunar, skular, barnehagar, lag/foreningar/organisasjonar.
- Tilskotmidlane ikkje kan dekke administrative kostnader og andre driftsutgifter.

	Namn på tiltak	Søknadssum	Totalkostnad	Søklar	Krav om eigenandel
a	Ettertankens dag i Hordaland	107 500	287 000	Ettertankens dag Hordaland	X
b	Ville veier og vrangle skilt	67 500	90 000	Laffen	X
c	Trafikksikringsdag	25 000	30 000	FAU Haukeland skole	
d	Trafikksikringsdag	15 000	15 000	Svortland skule	
	Totalt	215 000	417 000		

Om søknadane til lokale trafikksikringsarrangement

Som tabellen over viser så er dei fire søknadane svært ulike både i fokus, omfang og kostnader. Tilskotet det vert søkt om varierer mellom 15 000 kr og 107 500 kr.

a. *Ettertankens dag Hordaland*

Ettertankens dag Hordaland søker om tilskot på 107 500 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 287 000 kr. Dette er eit tverrfagleg minnearrangement for omkomne i trafikken. Arrangementet finn stad i Bergen sentrum 21. januar 2016. Tidlegare år har arrangementet vore gjennomført som eit lukka arrangement for pårørande og etterlatne i trafikken i Hordaland. Kommande arrangement vil vere offentleg og ope for alle, og det er gjort fleire endringar i programmet samanlikna med tidlegare mellom anna ved at ope samling for alle med lett matservering, og deretter fakkeltog gjennom sentrum frå Bergen rådhus til Mariakirken. Det står femten samarbeidspartnarar bak dette arrangementet. Søkjaren vart i 2014 tildelt 90 856 kr til tilsvarende arrangement. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 100 000 kr.

b. *Laffen*

Laffen søkjer om tilskot på 67 500 kr til å gjennomføre teaterframsyninga *Ville veier og vrangle skilt* for 1.-3. trinn i grunnskulen. Dette vil dekke 10 framsyningar. Totalkostnaden for arrangementet er 90 000 kr. Søkjaren vart i 2014 tildelt 70 000 kr til same tiltaket, og vitja då 6 ulike kommunar i Hordaland. Teaterframsyninga fekk gode tilbakemeldingar frå skulane i Hordaland som fekk besøk. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 67 500 kr. Fylkesrådmannen rår vidare til at dersom dette arrangementet skal halde fram i Hordaland dei kommande åra så må det skje i samarbeid med Trygg Trafikk, og over Trygg Trafikk sitt budsjett til aktivitetsmidlar.

c. FAU Haukeland skole

FAU ved Haukeland skole i Bergen kommune søkjer om tilskot på 25 000 kr til gjennomføring av «Refleksaksjon», samt informasjonsdag om «Sykkelvett» og «Sykkelverksted». Utgiftene skal i hovudsak gå til utstyr og oppmerking av sykkelbane. Fylkesrådmannen rår til at FAU tek kontakt med Bergen 2017 AS vedkommande pilotprosjektet «Alle barn sykler» for at skuleelevane på den måten kan få tilbod om eit godt organisert opplegg for sykkelopplæring. Sykkelsjefen i Bergen kommune kan også kontaktast. Når det gjeld refleksar så Hordaland fylkeskommune kjøper inn refleksar som skulen kan få til utdeling. Fylkesrådmannen innstiller på å ikkje tildele tilskot.

d. Svortland skule

Svortland skule søkjer om tilskot på 15 000 kr til å arrangere ein trafikksikringsdag. Fokuset på dagen er trafikkarlege situasjonar ved hente- og bringesituasjonen ved skulen. Det vert opplyst at det var vanskeleg å synleggjere forventa utgifter, men midlane skal primært nyttast til materiell til utdeling til elevane, samt støtte til å utarbeide flyers som syner trafikkmønsteret som skal nyttast ved skulen. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 10 000 kr.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Det er eit stort lokalt fokus på haldningsskapande trafikksikringsarbeid i Hordaland. Fylkesrådmannen ser at det over mange år har vore dei same arrangementa som har søkt om tilskot, - noko som er positiv med tanke på lokalt initiativ og interesse, men samstundes er det viktig å ha krav til innhaldet i programmet, og sikre fokus på trafikksikringsdelen. Om eit arrangement har motteke støtte eit år, så set det likevel krav til innhaldet og fokuset i arrangementet for å kunne motta støtte seinare år.

Fylkesrådmannen ser det som svært positivt at det har kome inn søknader frå alle delane av fylket, og at det i 2015 er fleire nye søkjarar. Det kan difor synast som om tilskotsordninga har vorte betre kjend. Den store variasjonen i type arrangement gjer det utfordrande å vurdere *kvaliteten* på trafikksikringsdelen i tiltaket. Haldningsskapande trafikksikringsarbeid er eit kontinuerleg arbeid, som ikkje kan målast i konkrete effektar av tiltaket. Dette er det viktig å ha med seg inni vurderinga av søknadane. Grunnlaget for fylkesrådmannen si vurdering av søknadane er at tilskotet som vert gjeve skal vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på arrangementet. Vidare gjev kriteriet om at tilskotet ikkje kan nyttast til administrative kostnader og andre driftsutgifter føringar for tilskotssummen. Med det forstår ein at midlane frå FTU i fyrste omgang skal nyttast til den trafikkfaglege delen, og i mindre grad til det andre delar av arrangementet, slik som for eksempel til mat/drikke og marknadsføring.

Fylkesrådmannen rår til at tre av dei fire søkjarane får tildelt tilskot, med ein total tilskotsum på 177 500 kr.